

# Køyrereglar for spelarar i fotballgruppa til Bygland IL

---

Dette er ei rettleiing i haldningsskapande arbeid slik vi ønskjer det i fotballgruppa i Bygland IL

1. Trenaren er suveren. Han bestemmer alt som har med trening og forhold under trening, kampar og cup. Er du ueinig så vent til etter trening og spør heller kvifor han valte den løysningen han valte.
2. Kom alltid i tide til trening. Vær klar når treninga startar. Ha klart utstyr, sko og alt som skal til for at du kan begynne treninga til rett tid. Hugs å ha med deg vatn!
3. På trening leggast grunnlaget for vidare spel (serie og ungdom 13-19 år). Din innsats på trening er ditt "visittkort". Her viser du kva du står for. Banning, mobbing, klikkdanning og ufin opptreden på trening, i kamp på og utanfor banen akseptert ikkje!
4. Vis dine motspelarar respekt. Ikkje bruk mykje energi på noko du ikkje kan forandre. Spel vidare på ditt eiga lag så godt du kan. Fokuser på dine oppgåver, så tar de andre seg av sine oppgåver.
5. ALDRI motsi eller kritiser dommarane under kamp. ALDRI!  
Er det nødvendig, så forfølgjer trenaren eller idrettslaget dette.
6. Konsentrer deg om det positive. Kommenter dine venner og lagkameratar når dei gjer noko bra både med og utan ball. Ikkje ver negativ. Støtt opp og vær positiv så vil alle få det betre. Ikkje spør kva laget kan gjere for deg, spør heller kva du kan gjere for laget.
7. Lær å vinne og å tape med same sinn. Hugs det er ikkje ein enkelt person som vinn eller taper en kamp. Det er alltid laget som vinn eller taper. Ikkje du!

**Velkommen til fotballgruppa i Bygland IL!**